



## Referat frå møte i FU ved Bergsøy skule

Møtet fann stad onsdag 23.09.2020 kl. 18:00-19:00 på Bergsøy skule, modulbygget.

Tilstades:

Ane-May Årdal (1A og 4A)

Ida Skjelsvik (1C)

Sverre Igesund (2A)

Camilla M. Næverlid (2B og vara for Steinar Nupen)

Lars Erik Torvik Eikenes (3A)

Marie Frøystad Voldsund (3B)

Marita Storøy Skar (4B)

Sandra H Kvalsund (4C)

Mariann Strømsnes (5A)

Kristin Monsen Lystad (5B)

Jannicke Susann Bøe (6A)

Julianne Gjelseth (6B og vara for Mats Aksnes)

Ann-Kristin Leinebø Thommasen (7A og vara for Elisabeth Nerland Smådal)

Monica Makipera Vike (7B og vara for Therese Johansen)

Frå skulen møtte rektor Frode Huru og rektor Marit Lillestøl

Bergsøy skule sine 2 avdelingar har felles FU og FAU.

FAU er foreldra sitt arbeidsutval og består av ein forelder frå kvart trinn.

Kort orientering og rollene:

Rolle og ansvar heimla i Opplæringslova § 11-4:

### **§ 11-4. Foreldreråd ved grunnskolar**

*På kvar grunnskole skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer.*

*Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skolemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom*



*heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.*

Foreldra si rolle i leseopplæringa:

Skulen og kommunen har lesing som satsingsområde. Dette fordi det er ein grunnleggande ferdigheit – uansett kva du skal gjere og jobbe med i samfunnet, treng du å kunne lese godt.

Skulen sine råd til heimane:

\*Motiver borna til lesing

\*Les høgt eller bruk lydbøker

\*Ha bøker lett tilgjengeleg. Bruk biblioteket.

\*Bruk foldaren som vart utdelt. Der er mange gode tips.

\*Stopp opp og forklar kva ord og omgrep betyr. Gjer borna nysgjerring på historier og litteratur. Snakk om bilder og overskrifter i bøkene.

Bergsøy skule jobbar etter Dysleksi Norge sine 10 kriterier for god leseopplæring:

<https://dysleksivennlig.no/hvordan-bli-dysleksivennlig-skole/kriteriene/>

Valg av FAU:

Leiar: Julianne Gjølseth

Nestleiar: Ane-May Årdal

Sekretær: Mariann Strømsnes

Medlem: Steinar Nupen

Medlem: Marie Frøystad Voldsund

Medlem: Marita Storøy Skar

Medlem: Therese Johansen



Div.anna info som kom opp:

\*Leiar i FAU møter i KFU (kommunalt foreldrutval).

\*Skulen har ny heimeside under oppbygging. Det vert ei felles side for Bergsøy skule der du kan klikke deg vidare til dei to avdelingane.

<https://www.heroy.kommune.no/bergsoy-skule-blahaugen/>

<https://www.heroy.kommune.no/bergsoy-skule-borga/>

\*Mobbeundersøkinga Spekter vert nytta for dei eldste elevane. Opplæringslova krev at skulen skal ha god oversikt over elevane sitt psykososiale skulemiljø. Difor vert denne digitale undersøkinga (laga av Læringsmiljøsentret i Stavanger) nytta. I tillegg til all observasjon som skjer i skulekvardagen, gir undersøkinga skulen v/kontaktlærer og rektor god innsikt i skulemiljøet.

\*Skulen sine to avdelingar har gode skulebibliotek som nyttast flittig av elevane. I tillegg bestiller vi bokkasser på Folkebiblioteket.

\*I november skal dei eldste elevane bokbadast saman med Maria Parr. Boka «Keeperen og havet» lesast i desse dagar på 5.-7.trinn. Boka kan anbefalast.

\*6.trinn hadde besøk av Christian Wiik Gjerde i dag. Skrivekurset var svært kjekt !

<https://www.heroy.kommune.no/bergsoy-skule-borga/aktuelt/skrivekurs-med-christian-wiik-gjerde.92220.aspx>

Marit Lillestøl

-ref-



HERØY KOMMUNE

**BERGSØY SKULE**

Lisjebøvegen 23

**6091 FOSNAVÅG**

e-post: [bergsøy.skule@herøy.kommune.no](mailto:bergsøy.skule@herøy.kommune.no)

Tlf: 70 08 18 50

Dato 24.09.2020